



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Olav Overvoll, 5557 2315

Vår dato  
30.06.2014  
Dykkar dato

Vår referanse  
2014/8319 - 433.1  
Dykkar referanse

### Adresseliste

## Kartlegging av regnskogsmiljø i kystfuruskog i Hordaland 2014

Miljødirektoratet skal gjere ei naturfagleg kartlegging av kystfuruskog på Vestlandet. Du får dette brevet fordi du er grunneigar i eit eller fleire av områda som er plukka ut for undersøking.

Det blir lagt hovudvekt på såkalla *fattig, boreonemoral regnskog*. Dette er furu- og lauvskog i lågareliggande strøk på Vestlandet som er påverka av svært høg luftfukt, og som har førekomst av karakteristiske lav og mosar. Skogtypen førekjem i hovudsak i bjørk- og furudominerte landskap i dei mest nedbørrike områda langs kysten, og finst oftast i små, nordvendte, ofte ganske bratte skrentar med lite solinnstråling. Naturtypen er utbreidd frå Vest-Agder til Møre, med tyngdepunkt i ytre Sunnhordland og Nord-Rogaland.

På grunnlag av kart, flyfoto og kjennskap til lokale naturforhold, har Fylkesmannen i Hordaland i samarbeid med Norsk institutt for skog og landskap utarbeidd ei liste over moglege område med fattig, boreonemoral regnskog i fylket. 30 område er plukka ut for nærmare kartlegging.

Målet med kartlegginga er å få betre oversikt over biologisk viktige førekomstar, og å auke kunnskapen om fattig, boreonemoral regnskog, slik at ein får betre grunnlag for forvaltning av naturtypen. Vern etter naturmangfaldlova kan vere aktuelt for større lokalitetar eller der fleire lokalitetar ligg såpass tett at dei kan knytast saman. Elles er mange av lokalitetane med fattig, boreonemoral regnskog så små at vern ikkje er noko aktuell forvaltingsform. Naturtypen er imidlertid ein aktuell kandidat til å få status som utvald naturtype etter naturmangfaldlova.

Det må understrekast at det ikkje er snakk om nokon ny- eller utvida verneplan. Men dersom det blir registrert høge naturverdiar i eit område, kan grunneigar sjølv, om han eller ho ønskjer det, legge heile eller delar av området fram som forslag til frivillig vern. Det finst òg gode ordningar for å hjelpe skogeigaren i forvaltninga av verdifulle areal som ikkje er verna, slik som MiS-figurar (Miljøregistreringer i skog – skogbruket sitt eige system for registrering og kartfesting av biologisk særleg verdifulle areal) og viktige naturtypar kartlagt etter DN-handbok 13. Her kan Vestskog og Fylkesmannen vere til hjelp, om ønskjeleg.

I 2014 blir det kartlagt i Hordaland og Rogaland, og i 2015 i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Kartlegginga er eit supplement til den kartlegginga som alt er gjort, m.a. gjennom den kommunevise kartlegginga av naturtypar.

Feltregistreringane blir utført av konsulentane Miljøfaglig Utredning AS og BioFokus. Av praktiske årsaker kan ein dessverre ikkje varsle kvar enkelt grunneigar under feltarbeidet, men alle vil få tilsendt resultatata frå registreringane når desse ligg føre, truleg i løpet av sommaren 2015.

I nokre område der lokaliteten ligg i sameige, har vi ikkje fullstendig oversikt over alle grunneigarar, men oftast vil eigarar av tilgrensande eigedommar som mottek dette brevet, også vere med i sameiget.

Eventuelle spørsmål om kartlegginga kan rettast til fylkesmannen ved Olav Overvoll (tlf. 55 57 23 15, mob. 977 23 645, fmhooov@fylkesmannen.no). Spørsmål om ordninga med frivillig vern og MiS kan rettast til Vestskog SA ved Jan Ivar Rødland (mob. 907 27 145, jir@vestskog.no).

Med helsing

Gry Walle e.f.  
rådgjevar

Olav Overvoll  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg:

1. Kart over lokalitetar
2. Liste over lokalitetar

Kopi av brev og vedlegg på e-post:

Miljødirektoratet  
Vestskog BA  
Aktuelle kommunar  
BioFokus  
Miljøfaglig Utredning AS

post@miljodir.no  
vestskog@vestskog.no  
(e-postliste)  
terje@biofokus.no  
gaarder@mfu.no